

Fra: Einar Rysjedal[gautekaten@online.no]
Sendt: 17.01.2024 16:51:32
Til: Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde[post@helse-forde.no]
Kopi: ogkrakhellen@gmail.com[ogkrakhellen@gmail.com];
Tittel: Uttale om Tronvik

Til styret i Helse Førde sitt møte 25. jan. 2024

Vi ber om at denne uttalen frå styremøtet i Raudt Høyanger blir sendt som del av styredokumenta.

Nedlegging av behandlingstilbodet på Tronvik

Samandrag

Mange menneske har fått livskvaliteten og livsmotet tilbake takka vere Psykiatrisk klinikk – Rus døgn på Tronvik si tverrfaglege spesialiserte rusbehandling. Vi trur at Tronvik også kan ha redda liv. Styremøtet i Helse Førde 25. jan. kan derfor ikkje vedta nedlegging.

Forslaget om nedlegging av Tronvik, er dessverre ikkje eit enkeltstående tilfelle. Det same skjer i gamle Hordaland og Bergen. Samanlagt betyr det at fleire menneske blir ståande utan livreddande eller avhjelpande/livsbetrande tilbod, eller at desse menneska sine liv eller livskvalitet blir avhengig av private tilbod. Begge deler er uakseptabelt.

Vi er mange som veit det står «fagleg» strid, også i Helse Førde, om kva som er det beste behandlingstilbodet for menneske som slit med rus. Raudt Høyanger held ein knapp på det som psykologspesialist Kari Lossius så treffande beskrev slik i Bergens Tidende 8. november:

Her kan den enkelte få tid til å endre sine vaner, lære å forholde seg til andre mennesker uten å bruke rusmidler, håndtere tilbakefall uten å måtte avslutte behandlingen, møte mennesker i en tilsvarende situasjon som en selv og bli klokere på seg selv innenfor trygge rammer.

Statsråd Kjerkol svara bl.a. dette på eit spørsmål frå Raudt sin stortingsrepresentant Seher Aydar:

Gjennom den varslede forebyggings- og behandlingsreformen vil regjeringen komme nærmere tilbake til behandlingstilbudene til personer med rusmiddelproblemer spesielt.

Raudt Høyanger har grunn til å bli svært overraska dersom «behandlingstilbudene» ikkje også vil omfatte døgntilbod og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, slik Tronvik har. I sjukehustalen sin 16. jan., sa statsråd Kjerkol at myndighetene «vil prioritere psykisk helse og **rus**» og at «Pasienter som sliter med **rusmiddelproblemer** skal få et bedre behandlingstilbud» (siterd frå TV2). VG gjengir denne uttalen: «Rent konkret får sykehusene i oppdrag å øke antall **døgn**plasser innen psykisk helsevern og **rusbehandling**.» (Våre understrekingar/uthevingar).

Dersom styremøtet i Helse Førde 25. jan. vedtek å leggje ned tilbodet på Tronvik, betyr det anten at vi ikkje skal ha/treng slikt tilbod i Sogn og Fjordane eller så betyr det at føretaksstyret vil opprette eit slikt tilbod på ein meir senterprega plass i fylket. Dei gode erfaringane med eit desentralisert tilbod, som på Tronvik, vil gjere at framtida vil felle ein kvass dom over eit vedtak om nedlegging.

Derfor: Oppretthald den døgnbaserte tverrfaglege spesialiserte rusbehandlinga på Tronvik!

Med helsing
For Raudt Høyanger
Einar Rysjedal, leiar